



Høyrings-
utkast

Handlingsprogram Regional plan for areal og mobilitet

Innhald

1. Innleiing	5
1.1 Rammer og mål.....	5
1.2 Vidareutvikling og rullering	6
2. Prioriteringar i investeringsprogram.....	7
3. Prioritert kunnskaps- og analysearbeid.....	8
4. Ressursbruk og organisatorisk oppfølging	10
5. Samarbeid med kommunar, statlege myndigheiter og andre aktørar ..	11
5.1 Samarbeidsarenaer	11
5.2 Ekstern medverknad ved rullering av handlingsprogram	12
6. Oppfølging, rapportering og revisjon	13
6.1 Indikatorsystem.....	13

1. Innleiing

Dette handlingsprogrammet konkretiserer korleis Vestland fylkeskommune skal følgje opp Regional plan for areal og mobilitet (RAM). Programmet gir retning for prioriteringar, ressursbruk og samarbeid i planperioden, i hovudsak for Vestland fylkeskommune sine egne prioriteringar, men kan og nyttast som grunnlag for samarbeid med eksterne aktørar.

Dette er eit førstegenerasjons handlingsprogram knytt til den regionale planen for areal og mobilitet. Programmet er utforma på eit overordna og strategisk nivå, og gir rammer og prioriteringar som skal til for å gjennomføre dei strategiske hovudgrepa og oppnå målsettingane i planen.

Fylkeskommunen skal i planperioden styrkje rolla si som regional kunnskapsaktør og pådrivar for berekraftig areal- og transportutvikling.

Dette inneber mellom anna:

- å støtte kommunar som arbeider med gjenbruk av areal og sirkulær masseforvaltning
- å bidra til gjennomgang av planreservar og styrkt kunnskapsgrunnlag for arealforvaltning
- å støtte kommunar som ønskjer å arbeide meir systematisk med arealeffektiv eller -nøytral utvikling
- å vere pådrivar og støtte for interkommunale planprosessar der utfordringar går på tvers av kommunegrenser
- å bidra til betre samordning mellom arealutvikling, transportsystem og energitilgang.

Handlingsprogrammet er strukturert etter tre kategoriar:

- 1) **Prioriteringar i investeringsprogrammet**
kva som skal byggjast og kvifor
- 2) **Prioritert kunnskaps- og analysearbeid**
(Utviklingstiltak) - kva vi treng å vite meir om,
- 3) **Ressursbruk og organisatorisk oppfølging**
korleis vi organiserer arbeidet, oppdrag og oppgåver innafor avdelingane i administrasjonen.

Handlingsprogrammet skal rullerast årleg. Ved rullering vert det opna for innspel frå kommunar, statlege myndigheiter og andre relevante aktørar.

1.1 Rammer og mål

Den regionale planen fastset langsiktige mål, føringar og retningslinjer med eit tidsperspektiv på om lag 12 år. Dei langsiktige måla i den regionale planen ligg fast og støttar langsiktig retning, medan handlingsprogrammet sikrar

politiske prioriteringar og nødvendig tilpassing over tid for å nå dei langsiktige måla.

Med utgangspunkt i dei regionale måla og strategiske hovudgrepa i Regional plan for areal- og mobilitet, skal følgjande delstrategiar (strategiske prinsipp/ prioriteringsprinsipp) bli lagt til grunn for framtidige investeringsprogram og fylkeskommunen si prioritering av ressursbruk og utviklingstiltak.

1.1.1 Mål

- 1) **Busetjing og tilgang på tenester og funksjonar i heile fylket**
Innbyggjarane i Vestland skal ha god tilgang til arbeidsplassar, utdanning, offentlege og private funksjonar og tenester innan rimeleg reisetid, slik at vi sikrar grunnlaget for busetjing og verdiskaping i heile fylket.
- 2) **Robust og miljøvenleg transportsystem**
Vestland skal ha eit trygt, påliteleg, effektivt og framtidsretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og bygger opp om den regionale senterstrukturen.
- 3) **Utvikling med naturen som premiss**
Arealforvaltninga i Vestland skal sikre at arealinngrep berre skjer når samfunnsnytta er vesentleg større enn tap av natur-, kultur- og landskapsverdiar. Nedbygging av natur og dyrka/ dyrkbar mark skal bli redusert vesentleg.
- 4) **Konkurransedyktig og berekraftig**
Vestland skal sikre tilgang til eigna areal og infrastruktur for attraktiv bustadutvikling, framtidsretta næringsutvikling og grøn omstilling.
- 5) **Samfunnstryggleik**
Vestland skal styrkje beredskapen som sikrar lokalsamfunn, trygg infrastruktur og stabile samfunnskritiske tenester, og som reduserer risiko og konsekvensar ved kriser og uønskte hendingar.

1.1.2 Strategiske hovudgrep

- 1) Sterke fylkes- og regionsenter
- 2) Prioritert hovudtransportnett
- 3) Rett føremål på rett plass til rett tid
- 4) Arealeffektivitet, gjenbruk og transformasjon
- 5) Kommuneplanen som strategisk verktøy
- 6) Regional samordning og kunnskapsbygging

Handlingsprogrammet tek også utgangspunkt i dei sentrale utviklingstrekk og utfordringane som ligg til grunn for RAM.

Ubalansert busetjings- og senterstruktur – vekst konsentrert i byar, medan distrikta slit med fråflytting og tenestenedbygging

Ikkje berekraftig transport- og mobilitetsutvikling – høg bilavhengigheit, særleg utanfor dei større byane

Press på natur, kulturmiljø og landskap – konflikt mellom utbyggingsbehov og omsynet til natur, kulturmiljø, landbruk og klimatilpassing

Klimaendringar og naturfare – auka risiko for skred, flaum og ekstremvær set krav til robustheit i planlegging

Energi og infrastruktur i omstillinga – samordning av energi-, areal- og transportplanlegging er avgjerande

Avgrensa økonomisk handlingsrom – stort vedlikehaldsetterslep, stigande kostnader og tronge budsjettammer krev tydelegare prioritering

1.2 Vidareutvikling og rullering

Handlingsprogrammet er eit dynamisk styringsverktøy. Det skal bli vidareutvikla og rullert jamleg i tråd med:

- erfaringar frå gjennomføring/måling av resultat (indikatorar)
- utvikling i kunnskapsgrunnlaget
- endra rammer, prioriteringar, ressursar og verkemiddel

I seinare rulleringar vil handlingsprogrammet:

- bli meir konkret og handlingsretta
- tydeleggjere ansvar, roller og ressursbruk
- i større grad knytast til årlege budsjett- og økonomiplanar
- styrkje koplinga mellom mål, innsats og effekt

2. Prioriteringar i investeringsprogram

Investeringar i transportsystemet skal bidra til eit samanhengande, effektivt og klimavenleg transportsystem i heile Vestland. Prioriteringane skal vere tydeleg grunngjeve og byggje på felles fagleg vurdering. Dette innsatsområdet omtalar prinsipp og prioriteringskriterium for korleis fylkeskommunen skal prioritere investeringar i transportsystemet, inkludert fylkesvegar, kollektivtransport og gang- og sykkeltiltak.

Investeringar vert prioriterte etter følgjande prinsipp (ikkje prioritert rekkefølge):

Nr	Delstrategi	Mål	Hovud-grep
1	Vedlikehald før nybygg – vedlikehald og utbetring av eksisterande infrastruktur skal bli prioritert før nye utbyggingsprosjekt. Å stoppe vidare forfall på vegnettet er eit overordna mål.	2, 5	2
2	Trafikksikring – tiltak som reduserer risiko for alvorlege ulykker vert prioriterte høgt. Tiltak som betrar trafikktryggleiken for barn og unge skal bli høgt prioritert. Tiltaka skal vere retta mot dei mest alvorlege ulykketypene og trafikantar med særleg høg risiko.	2, 5	2
3	Funksjonsklasse og vegklassifisering – vegar i overordna vegnett skal bli prioritert for strekningsvise standardhevingstiltak	2	2
4	Kollektivtransport Utvikling av kollektivtilbodet bør styrke forbindelsane mellom regionsentera og større tettstader, og leggje vekt på tiltak som gir stor nytte for reisande, styrker regionale forbindelsar, gir kortare reisetid eller betre brukaroppleving. Kollektivtilbodet skal vere tilpassa økonomiske rammer, lokale reisebehov, passasjergrunnlag og geografi. Sterkare bidrag frå stat til drift av kollektivtransport og vedlikehald av transportinfrastruktur er ei føresetnad.	1, 2	1, 2, 3
5	Knutepunkt og haldeplassar Ved oppgradering av knutepunkt og haldeplassar skal enkle bytte, universell utforming og god tilkomst for gåande og trafikktryggleik vere førande for utforminga. Kollektivtransporten skal vere trygg, tilgjengeleg og attraktiv for alle brukargrupper. I større tettstader og byområde bør kollektivlinjer i hovudsak pendle gjennom sentrum og knutepunkt. I tettbygde område bør ein prioritere rettare linjeføring med få avstikkarar og omvegar.	1, 2	1, 2, 3
6	Mjuke trafikantar – investeringar som styrker gange og sykkel skal ha høg prioritet i tettbygde område. Prioritere utbygging, drift og vedlikehald av gang- og sykkelinfrastruktur der potensialet for store reisestraumar er størst, og langs ruter som gir trygg tilkomst til viktige målpunkt	1, 2	2, 3
7	Rassikring og beredskap – vegstrekningar med høg skredfaktor og stor trafikk skal bli prioritert	5, 2	2
8	Næringslivet sine behov – tiltak som betrar tilgjenge til arbeidsplassar, hamner og logistikknutepunkt skal prioriterast.	1, 4	2, 3
9	Kultur - tiltak som sikrar areal og infrastruktur til kultur, idrett og friluftsliv skal bli prioritert.	1	1, 4
10	Sambruk og fleirbruk – ved planlegging og investering i offentlege bygg og anlegg skal løysingar som legg til rette for sambruk og fleirbruk på tvers av funksjonar og brukargrupper prioriterast, for å sikre kostnadseffektive og arealeffektive løysingar.	1, 3, 4	1, 3, 4
11	Klimaomsyn og berekraft – investeringar som reduserer klimagassutslepp eller som aukar motstandsevna mot klimaendringar skal bli prioritert	2, 3	2, 6
12	Samfunnsnytte og kostnadseffektivitet – prosjekt med høg samfunnsnytte i høve til kostnad skal bli prioritert. Sikre økonomisk berekraftige løysingar for samferdsle gjennom prioriteringar og meir effektiv bruk av offentlege midlar. Prinsippa om «Meir for pengane» skal bli lagt til grunn som gjennomgåande premiss for ressursbruken.	2, 4	2, 6
13	Spleiselag og ekstern finansiering – investeringar som kan utløyse ekstern medfinansiering frå stat, kommunar eller private utbyggjarar gjennom utbyggingsavtaler eller bompengar skal bli vurdert særskilt. Den som utløyser behovet for og har nytte av eit prosjekt bør bidra til finansieringa.	2, 4	2, 6

3. Prioritert kunnskaps- og analysearbeid

Godt kunnskapsgrunnlag er ein føresetnad for gode avgjerder. Vestland fylkeskommune skal arbeide systematisk med å utvikle, samle og formidle kunnskap som er relevant for areal- og mobilitetsutviklinga i fylket. Ei kunnskapsbasert forvaltning krev oppdaterte analysar, gode data og systematisk erfaringslæring.

Kunnskapsgrunnlaget for arealforvaltning er framleis mangelfullt på fleire område, mellom anna når det

gjeld karbonrike areal, naturtypar og potensial for naturrestaurering. Det vil derfor vere viktig å utvikle og oppdatere data og analyser som kan støtte avgjerder i planlegginga.

Dette innsatsområdet konkretiserer kva analysar og kunnskapsutvikling fylkeskommunen skal prioritere i planperioden til handlingsprogrammet.

Nr	Delstrategi	Mål	Hovudgrep
1	Arealbruk Utvikle metodikk for å vurdere om grå areal eignar seg for transformasjon eller restaurering. Utvikle metodikk og kunnskapsgrunnlag for systematisk gjennomgang av eldre reguleringsplanar, med mål om å identifisere urealistiske eller uønskte utbyggingsareal	1, 4	1, 3, 4, 6
2	Meir fylkesveg for pengane. Vidareutvikle arbeid med optimalisering av godkjente reguleringsplanar for fylkesveg for å gjere dei økonomisk mogleg å gjennomføre («meir for pengane»)	2, 3, 4	2, 4, 6
3	Transport, gods og logistikk – Analysere gods- og næringstransport, flaskehalsar i vegnettet og potensial for overføring av gods frå veg til sjø og bane. Strekningsvise utgreiingar av fylkesvegnettet skal bli revidert og utvida til å inkludere bergensområdet, med omsyn på beredskap, regionalt viktige næringsområde og hamner som ikkje er vist på dette kartet. Utgreie moglegheiter for fleire kryssingspunkt for overføring av gods frå veg til bane Utgreie konsekvensane for trafikknettet av flytting av hamn til Ågotnes og flytting av godsdistributørane ut av Bergen sentrum	2, 4	2, 3, 6
4	Klima, natur og samfunnstryggleik – Styrkje kunnskapsgrunnlaget om klimasårbarheit, naturverdiar og naturfare. Nasjonale klimamål skal bli følgt opp med årlege utslippstall for transportsektoren.	3, 5	2, 5, 6
5	Demografiske og teknologiske endringar - Oppdatere befolknings-prognosar og analysere konsekvensar for transport- og tenestetilbod Følgje med på nye transportformer (elfly, autonom transport, mikromobilitet) og vurdere relevans for Vestland	1, 2, 4	5,6
6	Kultur - Utvikle kunnskap om dekningsgrad og tilstand for kulturarenaer, idrettsanlegg og friluftslivsområde.	1	6
7	Kulturarv Vidareutvikle- og halde kunnskapsgrunnlag for kulturmiljø av regional interesse oppdatert og tilgjengeleg for kommunane. Støtte og rettleie kommunane i arbeidet med lokal kulturmiljøplan, KULA i kommunal planlegging. Oppdatere forvaltningspraksis for verdsarvstader.	1, 3, 4	1, 4, 6
8	Bustad - Utvikle og dele kunnskap om innovative bustadkonsept, bustadformer og planleggingsmetodar tilpassa ulike delar av fylket Støtte og initiere pilotar og nyskapande prosjekt som kan gi ny lærdom om berekraftig og arealeffektiv bustadutvikling	1,4	1,6
9	Mineralressursar - Etablere oversikt over kjende mineral- og byggjeråstoffressursar i fylket. Utvikle felles kunnskapsgrunnlag og kartverktøy tilgjengeleg for kommunane	3	6
10	Sirkulær og ressurseffektiv masseforvaltning – Utvikle kunnskap og oversikt over ressursgrunnlaget for massar og areal, og dele dette på tvers av kommunar og sektorar.	3, 4	4, 6

Nr	Delstrategi	Mål	Hovudgrep
11	Digitalt og oppdatert kunnskapsgrunnlag – Fylkeskommunen skal samle, vedlikehalde og gjere tilgjengeleg eit digitalt kunnskapsgrunnlag om naturmangfald, karbonrike areal, naturfare og arealreservar, samt praktiske verktøy, sjekklister og datapakkar som støttar kommunane i planarbeidet	1, 2, 3, 4, 5	5, 6
12	Utarbeide strategi for rutetilbod for kollektivtransport i Vestland utanfor Bergensområdet.	1, 2	1, 2
13	Kunnskapsgrunnlag kollektivtransport. Styrke kunnskapsgrunnlaget med vekt på dekningsgrad, frekvens, korrespondanse og kostnadseffektivitet. Analysane skal støtte opp om eit berekraftig kollektivtilbod tilpassa geografi, reisebehov og ressursrammer.	1, 2	2, 6
14	Kunnskapsbehov for transportsektoren. Kartlegge eksisterande kunnskapsgrunnlag og framtidig kunnskapsbehov for samferdslesektoren, og oppdatere der det er aktuelt. Fleire av dei om lag 20 faglege kunnskapsgrunnlaga forankra i Regional transportplan vil ha relevans vidare, og det må vurderast korleis desse best kan inngå i kunnskapsgrunnlaget for RAM og og evt. andre styringsdokument på samferdselsområdet	2, 4	2, 6
15	Kollektivtransport og turisme. Utarbeide eit kunnskapsgrunnlag for korleis kollektivtransporten kan fange opp og leggje til rette for turisme og gjestestraumar.	1, 2, 4	2, 3, 6
16	Energi Utarbeide regional oversikt over areal som er eigna for fornybar energiproduksjon basert på eksisterande kartleggingar og kommunane sine arealvurderingar for energiproduksjon, i tråd med statlege planretningslinjer.		
17	Mjuka trafikantar Utvikle kunnskapsgrunnlag og strategi for gange og sykkel, med vekt på trygg tilkomst, reisestraumar og samanheng i infrastrukturen. Oppdatere GIS-modellen for anlegg til for mjuka trafikantar langs fylkesveg for å få betre oversikt over kvar det manglar tilbod.	1, 2, 4,	2, 6

4. Ressursbruk og organisatorisk oppfølging

Fylkeskommunen skal styrkje arbeidet med rettleiing, kunnskapsdeling og kompetansebygging i kommunal planlegging gjennom nettverk, kurs og samarbeidsarenaer. Fylkeskommunen skal drive målretta bistand og auka innsats for planfagleg rettleiing til kommunane gjennom nasjonal satsing og deltaking i veilederkorpset.

Nr	Delstrategi	Mål	Hovud-grep
1	Eit digitalt og oppdatert kunnskapsgrunnlag om naturmangfald, karbonrike areal, naturfare og arealreservar skal bli gjort tilgjengeleg for kommunane	3, 5	3, 4, 6
2	Intern koordinering og oppfølging av RAM – Sikre føreseielege rutinar for motsegnspraksis og koordinert oppfølging på tvers av avdelingar, med samanheng mellom RAM og fylkeskommunen sin økonomiplan	1, 2, 3, 4, 5	1, 2, 3, 4, 5, 6
3	Planfagleg bistand i pågåande saker - Drive målretta prosessbistand retta mot kommunane sitt planarbeid i enkeltsakar, med vekt på tidleg dialog for å avklare ueinigheiter og førebyggje konflikhtar før dei utviklar seg.	1, 2, 3, 4	1, 3, 5, 6
4	Interkommunalt plansamarbeid – Vere pådrivar og organisatorisk støtte for interkommunale planprosessar der utfordringar går på tvers av kommunegrenser	1, 2, 3, 4	1, 3, 6
5	Kompetansebygging og erfaringsdeling – Støtte kommunane gjennom kurs, nettverk og erfaringsdeling, og byggje planfagleg kapasitet særleg i kommunar med avgrensa ressursar	1, 2, 3, 4, 5	5, 6
6	Fylkeskommunen skal tilby kommunane praktiske metodar og verktøy for konsekvensutgreiing, arealrekneskap og vurdering av samla belastning	3, 4, 5	5, 6
7	Fylkeskommunen skal styrke samarbeidet og koordineringa mellom dei ulike trafikktryggingsaktørane og løfta det regionale trafikktryggingsarbeidet , i tråd med det særskilte ansvaret fylkeskommunen har etter vegtrafikklova §40a for å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggleiken i fylket.	2, 6	2, 6

5. Samarbeid med kommunar, statlege myndigheiter og andre aktørar

Gjennomføringa av regional plan for areal og mobilitet krev tett samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunane, statlege etatar og andre aktørar.

Handlingsprogrammet skal fungere som:

- utgangspunkt for dialog og samarbeid om prioriteringar
- referanse for regionale satsingar og utviklingsprosjekt
- ramme for betre samordning av verkemiddel på tvers av forvaltningsnivå

Fylkeskommunen vil særleg prioritere samarbeid med kommunane om utvikling av kunnskapsgrunnlag, planprosessar og tiltak som fremjar berekraftig arealbruk og transportsystem. Omsynet til sjølvforsyning, beredskap og militær infrastruktur skal bli vektlagt i samordna areal- og mobilitetsplanlegging. Kommunar og fylkeskommunen bør samarbeide med Statsforvaltaren og relevante aktørar for å sikre at areal- og transportplanlegging støttar opp under totalforsvaret, og tek omsyn til dei behova beredskapsaktørane og Forsvaret har.

5.1 Samarbeidsarenaer

5.1.1 Med kommunane

Planforum – fast arena for tidleg dialog om kommunale planar, rettleiing og samordning. Fylkeskommunen har ansvar for å drive planforum og sikre ein konstruktiv og effektiv prosess.

Regionråd – politisk og administrativ dialog om regionale utfordringar og prioriteringar. Handlingsprogrammet skal presenterast i relevante regionråd ved kvar rullering.

Plankonferansar – årlege møteplassar for utveksling av erfaringar og kunnskap om arealplanlegging mellom fylkeskommunen og kommunane.

Rettleiing – Fylkeskommunen skal rettleie og bistå kommunane i deira planleggingsoppgåver. I særleg krevjande planprosessar kan kommunane be om tettare rettleiing frå fylkeskommunen.

Nettverk by- og stadutvikling - møteplass for alle kommunane i Vestland og Vestland fylkeskommune.

KlimaVestland skal tilby kommunane kunnskapsdeling, opplæring, bruk av verktøy som klimarekneskap og klimabudsjett og rådgjeving i planleggingsprosessar.

5.1.2 Med statlege myndigheiter

Statsforvaltaren i Vestland – løypande samordning knytt til motsegnspraksis, naturmangfald, jordvern og samfunnstryggleik. Felles rettleiingsarbeid der det er mogleg.

Statens Vegvesen – koordinering av prioriteringar mellom riksveg og fylkesveg, felles prosjektutvikling og kompetansedeling.

5.1.3 Med næringsliv og sivilsamfunn

Næringsorganisasjonar – særleg knytt til gods, logistikk, hamneutvikling og arealbehovet til industri og reiseliv

Frivillige organisasjonar og interessegrupper – inkluderast i medverknadsprosessar ved rullering av planen og handlingsprogrammet

Private utbyggjarar og grunneigarar – ved store kollektivprosjekt og infrastrukturinvesteringar der privat medfinansiering er aktuelt, skal dialogen skje tidleg og vere basert på frivilligheit og gjensidig nytte.

5.1.4 Samansette forum

Regionalt bustadforum (Bergensområdet, knytt til RATP) - skal leggje til rette for at relevante private og offentlege aktørar kjem saman for felles informasjon, drøfting og kompetanseheving på tema knytt til bustadplanlegging og gjennomføring av planar.

Forum for sirkulær massehandtering- for alle som arbeider med sirkulær massehandtering i praksis, frå planleggarar og prosjektleiarar til leiarar, forvaltarar og folkevalde.

Folkehelsenettverket Vestland for kommunar, FoU-miljø, Statsforvaltaren og andre aktørar i Vestland med interesse og ansvar for folkehelse.

Næringsforum Vestland- har ein sjølvstendig rådgjevande funksjon overfor administrativ leiing i Vestland fylkeskommune i spørsmål om næringsutvikling, arbeidsmarknad, næringsretta infrastruktur inkludert samferdsel og utdanning/kompetanseutvikling.

5.2 Ekstern medverknad ved rullering av handlingsprogram

Ved kvart rullering av handlingsprogrammet skal det gjennomførast ei avgrensa høyringsrunde:

- Kommunane i Vestland får dokumentet til orientering og kan gi innspel
- Regionråda vert inviterte til å gi tilbakemelding på prioriteringane
- Relevante statlege etatar vert orienterte
- Innspela vert oppsummerte og lagde fram for politisk handsaming saman med rulleringsforslaget

6. Oppfølging, rapportering og revisjon

Handlingsprogrammet skal følgjast opp gjennom:

- jamleg rapportering på gjennomføring av tiltak
- vurdering av måloppnåing og effekt
- justering av prioriteringar ved behov

Handlingsprogrammet kan reviderast:

- ved ordinær rullering
- dersom det skjer vesentlege endringar i rammer eller føresetnader

6.1 Indikatorsystem

For å følgje opp om mål og tiltak i RAM vert nådde, skal det etablerast eit indikatorsystem knytt til handlingsprogrammet. Indikatorane skal gi eit oversiktleg bilete av utviklinga og danne grunnlag for rapportering og eventuell kursendring i planperioden. Indikatorane skal inngå i den årlege gjennomgangen av handlingsprogrammet.



vestlandfylke.no